

Årsplan 2006

Innleiing

Det overordna målet for Norsk Ordbok 2014 er uttrykt i punkt B nedanfor. Til 1. desember skal manus til band 6, i alt 800 sider vere ferdige til utgjeving. Det inneber at mange delmål må formulerast og nåast, og at redaksjonen må halde høgt fokus på framdrift heile året. I årsplanen er årsmålet formulert slik: Vi skal redigere 250 nye sider i perioden 1.1.-1.7, og 131 nye sider i perioden 1.7-30.11. I tillegg skal vi ha kvalitetskontrollert 300 sider i perioden 1.1.-1-7, og 334 sider i perioden 1.7-30.11. Tyngdepunktet skal altså ligge på redigering i første halvår og kvalitetssikring i andre halvår.

Eit anna hovudmål i 2006 er å få banda som dekkjer alfabetboltkane A-H inn i databasen på same måte som dei manusboltkane som er redigerte i det nye systemet. Dette er avgjerande av tre grunnar: det er viktig for å få det elektroniske krysstilvisingssystemet til å fungere etter intensjonen, det er avgjerande for å få trykt opp dei tidlegare banda med det nye satsbiletet og det er ein føresetnad for å kunne lansere Norsk Ordbok som ei elektronisk ordbok.

Annan aktivitet i 2006 er underordna dette, men vi vil framleis arbeide med å digitalisere og slik betre tilgjengen til viktige kjelder for ordboksarbeidet, vi vil halde fram med opplæringa av nye redaksjonsassistentar og heve kompetansen til dei etablerte redaktørane, og vi vil formidle prosjektet i fora som er viktige for oss og som det er gagnleg for oss å vere synlege i.

A. Rammevilkår

1. Organisering og finansiering

Mål 2006	
a) Å halde oppe strukturen med fleire redaksjonsgrupper og éi leiargruppe. Leiарane i redaksjonsgruppene bør vere representerte i leiargruppa	
b) Vi vil framleis organisere ein manuskriptkontroll ved hjelp av ei eiga kryssjekkgruppe. Utviklings- og testingsverksemld vil bli utførde av ad hoc-grupper.	
c) Vi vil vere med på å arbeide for at samlingverksemda blir konsolidert innafor rammene av det nye instituttet (ILN). Samtidig er det framleis viktig for oss å	

oppretthalde ein mest mogleg sjølvstendig status andsynes instituttet.	
d) Vi vil søkje midlar av statsbudsjettet til naudsynt opptrapping av tilskotet i tråd med den reviderte opptrapingsplanen frå 2004.	

2. Lokalisering

Mål	
a) Lokala vi har er høvelege, men vi må ta initiativ for å disponere ekstra kontorareal for nytilsette i 2006. Vi vil også freiste å få disponere eit lite møterom til gruppemøte.	

3. Personale

Mål	
a) Å gjennomføre opplæring for dei fire nyaste redaksjonsassistentane (tilsette i november 2005 og januar 2006).	
b) Å fremje seks redaksjonsassistentar for opprykk til redaktør hausten 2006.	
c) Å lyse ut éi eller to stillingar som redaksjonsassistent i august med etterhald om finansiering over statsbudsjettet.	
d) Vi vil engasjere sommarhjelp for å arbeide med ocr-skanning av tekst, og deltidstilsette studentar for å tagge denne teksten hausten 2006.	
e) Vi vil arbeide fram eit godt brukargrensesnitt for e-utgåva hausten 2006.	

B. Manusproduksjon

4. Band 6

Mål	
a) Til 1. desember skal vi ha ferdig band 6 for å levere til forlaget. Etter planen skal vi kome til <i>lang-</i> i alfabetet.	
b) 381 nye sider skal redigerast. 634 sider skal gjennom kvalitetssikringsprosessen. 800 sider skal korrekturlesast.	
c) Til 1. juli bør 250 nye sider vere redigerte. 300 nye sider bør vere kvalitetssikra.	
d) Korrekturen skal lesast i perioden 1. august – 1. desember.	

5. Band 1, 2 og 7

Mål	
a) 60 sider av band 7 bør vere redigerte innan	

31.12.06.	
b) Band 7 må vere bolkinndelt tidleg på hausten 2006.	
c) Når band 1-2 er inne i databasen, skal dei trykkjast på nytt med ny fotosats. Det må lesast ein grundig korrektur på desse to banda før 1. des.	

C. Utvikling av verktøy

6. Redigeringsprogram og database

Mål	
a) Autogenereringsfunksjonen skal reviderast til 15. februar.	
b) Feilretting i redigeringsapplikasjonen bør gjerast kontinuerleg heile året.	
c) Innlegging av band 1-5 (ut h) i databasen. Dette bør vere heilt på plass til 1. desember.	
d) Søkjesystemet bør reviderast med tanke på e-utgåve, og med tanke på nokre standard kryssjekk- og kvalitetskontrollar. Alle deldatabasane bør bli tilgjengelege for søk. Dette bør vere gjort til 15. mai.	
e) Revisjon av hakeparentesen i redigeringsapplikasjonen bør vere gjord til 15. april.	
f) Ny faksimilekomponent til databasen som kan koplast til MO bør vere ferdig til 1. juli.	
g) Eit fellesformat for ordsamlingar bør vere ferdig kopla til MO innan 1. mars.	

7. Elektronisk utgåve av ordboka (e-NO)

Mål	
a) Å få på plass ei avtale om rettane til den elektroniske utgåva av ordboka med forlaget. Dette bør vere på plass før 1.7.	
b) Å utarbeide eit gjennomtenkt brukargrensesnitt for nettutgåva av e-ordboka (e-NO). Skal vere ferdig til 1.12.	
c) Punkt 6c er ein føresetnad for lansering på nettet. Lanseringa skal gjerast i byrjinga av 2007.	

8. Redigeringshandboka

Mål	
a) Kontinuerleg utbygging og revisjon av redigeringshandboka heile året	
b) Revisjon av underoppslagskapitlet til 1. mars.	

c) Dømesamlinga bør reviderast og utvidast med nokre mønsterartiklar.	
---	--

D. Utviding og forbetring av tilfang

9. Nynorsk tekstkorpus

Mål	
a) Få ocr-skanna tekst til forfattarskapane vi no har fått rettane til, jf. Kristofer Uppdal, Halldis Moren Vesaas og Tarjei Vesaas.	
b) Få på plass fleire avtaler med viktige nynorske tekstleverandørar.	
c) Om revidert budsjett tillèt det, tagge og leggje til 500 000 ord i korpuset hausten 2006.	

10. Metaordboka

Mål	
a) Engasjere ein assistent på å arbeide med Metaordboka i til saman 5 månader. Målet må vere å vere ferdige med å normere til og med <i>e</i> til 31.12.06.	
b) Kople ordbokshotellet på MO. Frist 1. mars.	
c) Hekte på ny versjon av g-manus på MO til 1.7.2006.	
d) Kople Ross' ordbok til MO innan 31.12.	
e) Om tid, kople Aasen og Torps ordbøker til MO før 31.12.	

11. Blyanttilskifter

Mål	
a) Vi bør ha ført inn alle blyanttilskriftene i g-manus til og med <i>p</i> i 2006.	

12. Nytt tilfang

Mål	
a) Normere to nye ordsamlingar	
b) Vi tek sikte på å registrere 15 000 nye setlar.	
c) Hatlebrekke-tilfanget bør bli tilgjengeleg via setelarkivet	

E. Formidling, informasjon og kompetanseheving

13. Formidling og informasjon

Mål	
a) Prosjektet bør vere representert med føredrag på den europeiske	

leksikografikonferansen i Torino i september	
b) Prosjektet bør vere representert med føredrag på den nordiske dialektkonferansen i Århus i august.	
c) Vi bør lage informasjonsmateriell til utdeling om prosjektet og om ordinnsamling	
d) Vi bør få Samlaget til å lage ny brosjyre om Norsk Ordbok før 1. desember 2006.	
e) Vi vil halde fram med å lage oppslag til Dagens ord ved Nynorsk kultursentrum.	
f) Spørsmålet om korleis ei ny brukarrettleiing kan realiserast med minst mogleg ressursbruk må vere avklart før 1.7. Arbeidet med ei slik revidering av brukarrettleiinga, må vere gjort før 1. desember.	
g) For Noregs Mållag skal vi lage eit kursopplegg for den vidaregåande skolen og tilby dette kurset til vidaregåande skolar i distriktet.	
h) For Apollon eller Syn og Segn bør det skrivast ein presentasjon av dei digitalt tilgjengelege ressursane ved NO 2014 og av arbeidet i redaksjonen. Dette bør gjerast så seint som mogleg i 2006 for å hekte det på lanseringa av band 6. Kontakten med redaksjonane bør takast tidlegare.	
i) Lanseringa av band 6 (i 2007) bør førebuast i november og desember 2006. Det bør arbeidast for få fram gode presseoppslug, t.d. i A-magasinet.	
j) Generelt bør vi seie ja til å vere representerte i fora som vi trur kan gagne prosjektet – om då dette elles ikkje går på tvers av framdriftsmåla.	

14. Kompetanseheving

Mål	
a) Rettleiinga i dei nye redaksjonsgruppene bør halde fram.	
b) Vi vil arrangere to fagseminar i 2006, eitt i juni og eitt i desember.	
c) I samband med fagseminara vil vi invitere éin eller to gjesteførelesarar til kvart seminar.	
d) Om det blir arrangert eit nytt Lexicom-kurs, bør vi vere representerte på dette kurset.	
e) Vi bør sende nokre tilsette på kurs i Excel i 2006.	

